

## 4 NYHETER

# Blir nekta visum til Norge

**FÅR IKKJE REISE:** Falastin Qaddumi gledde seg til besøket på Kyrkjeveka for Israel og Palestina. Men ho får ikkje visum. Utlendingsnemnda tvilar på at kvinna vil reise heim. I Palestina har ho mann og barn.

**BJØRGULV K. BJÅEN**  
bjbj@vl.no

– Eg er veldig overraska, årsaka til avslaget er uheldig og urettvist, fortel Falastin Qaddumi til Vårt Land, via Trond Pedersen.

Som leiar i Vennskapsforeningen Nes-Jayyous hadde han organisert eit vekelangt besøk i Viken-kommunen Nes på Romerike frå den palestinske landsbyen Jayyous på Vestbreidda.

På programmet sto mellom anna eit lokalt arrangement der Arnes menighet og vennskapsforeninga markerer den årlege Kyrkjeveka for fred i Israel og Palestina, som er neste veke. Arrangementet er globalt.

I år kjem biskop emeritus Atle Sommerfeldt til kyrkjelyden i Arnes for å snakke om Den norske kyrkja og Palestina.

## Biskop refsar avslag

Han reagerer sterkt på visumavslaget:

– Det er oppsiktsvekkjande og veldig uheldig. Når palestinarane blir nekta innreise til Norge får ikkje folk førstehands kunnskap om korleis det er å leve under den israelske okkupasjonen på Vestbreidda, seier han til Vårt Land.

Akkurat det bør fleire få, meiner den tidlegare Borg-biskopen, som også har vore generalsekretær i Kirkens Nødhjelp, ein organisasjon som driv både langsiktige utviklingsprogram og humanitær innsats i Palestina.

## Sa nei også i før

For andre år på rad opplever Vennskapsforeningen Nes-Jayyous at utlendingsforvaltninga nekta å sleppe gjester frå Jayyous inn i Norge.

Pedersen hadde invitert Falastin Qaddumi og to andre til Norges og Nes. På programmet

stod også besøk på tre vidaregåande skular og møter med både riks- og lokalpolitikarar.

– Etter at Israel fekk ny regjering ved årsskiftet, har kvardagslivet i Jayyous og på heile Vestbreidda blitt mykje vanskelegare. Dette skulle dei tre gjestene våre snakke om, fortel Pedersen.

## «Eit slag i andletet»

Men først sa Utlendingsdirektoratet (UDI) nei til å gje dei tre frå Jayyous visum, så sa Utlendingsnemnda (UNE) det same då avslaga blei påklaga.

Trond Pedersen er opprørt:

– Dei får ikkje visum fordi UDI påstår at dei ikkje har nok tilknytning til eige heimland, og UDI seier rett ut at dei trulegvis ikkje vil reise heim etter ei veke i Norge.

– *Korleis tok dei visumavslaga?*

– Dei såg fram til eit avbrekk frå ein krevjande kvardag, men når UDI og UNE seier rett ut at dei mistrur dei, at dei mistenkjer dei for å hoppe av, så er det eit slag i andletet – og ein mental knekk.

Falastin Qaddumi fortel at ho aldri kan tenkje seg å forlate Palestina.

## UNE: Har «svake returforutsetninger»

Vårt Land har lest avslaga klageorganet UNE fatta i august. UDI og UNE skriv at Falastin Qaddumi og dei to andre palestinarane frå landsbyen Jayyous «ikkje i tilstrekkelig grad hadde dokumentert tilknytning til hjemlandet».

UNE skriv at Falastin Qaddumi ikkje har dokumentert at ho har jobb i barnehage, at ho er gift og har barn, og at ho dermed har «svake returforutsetninger».

Fordi ho kjem frå Palestina, som har eit «utvandringspotensiale», blir konklusjonen: Nei til visum for å reise til Nes. Ho fekk



ikkje det som heiter Schengenvisum, som gjev rett til innreise i til heile Schengenområdet.

Avslaga til dei to andre frå Jayyous har likelydande formuleringar.

## Har dokumentert familie og jobb

– Dette er vondt og sårande å

høyre for palestinarar som er gifte, har barn og fast inntekt. Alt dette har dei dokumentert, inntekt med lønsslippar og på deira ID-kort er både ektefellar og barn registrerte. Teksten er på både arabisk og hebraisk, noko UDI og UNE kan lese.

Pedersen, som var leiar i vennskapsforeninga fram til februar, sender eit stikk til Stø-

re-regjeringa og utanriksminister Anniken Huitfeldt (Ap):

– Som leiar for Gjevarlandsgruppa for Palestina kan ikkje Norge vere kjent med dette.

Trond Pedersen var med å skippe Vennskapsforeningen Nes-Jayyous etter at han hadde vore følgjesvein i Jayyous og Betlehem. Følgjesveinprogram-

# NYHETER 5



**HEIDER:** – I Jayyous på Vestbreidda har ei gata blitt kalla opp etter Nes på Romerike, fortel Trond Pedersen, som årleg vitjar landsbyen.

Foto: Privat

**■ Som leiar for Gjevarlandsgrappa for Palestina kan ikkje Norge vere kjent med dette**

Trond Pedersen, Vennskapsforeningen Nes-Jayyous

**FEKK NEI:** Falastin Qaddumi (t.v.) saman med Lana Khaled, som fekk avslag på visum til Norge i fjor. Falastin Qaddumi blei nekta visum i år. Foto: Privat

met til Verdskyrkjerådet arbeider for å styrkje palestinaranes tilgang til land, arbeid og skule, og for å redusere vald og trakassering av sivile.

### «Alle har reist heim»

Steinar Ims, seniorrådgjevar i Mellomkyrkjeleg råd, har god kontakt med Evangelical Lutheran Church in Jordan

and the Holy Land (ELCJHL). Han er overraska over UNES konklusjonar at det er fare for «avhopping».

– Så langt eg kjenner til har ingen palestinarar i nyare tid som har komme på besøk til Norge og norske kyrkjelydar blitt verande her i landet. Alle har reist heim, fortel Ims til Vårt Land.



Folkekirken på  
St. Hanshaugen  
GAMLE AKER & LOVISENBERG KIRKER



GAMLE AKER-  
SØNDAG



## GAMLE AKER-SØNDAG I LOVISENBERG KIRKE

**HØYMESSE KL 11.00 – GAMLE AKER KANTORI, STOR KIRKEKAFFE, FOREDRAG&SAMTALE**

**Søndag 24. september:** «Cathinka Guldberg – diakonissen som innførte moderne sykepleie i Norge.» Med Berit Hovland og førsteam. Gry Espedal

**Søndag 29. oktober:** «Eugene Hanssen, sokneprest på St. Hanshaugen – i front for arbeiderne og de gamle.» Med prof. Hallgeir Elstad

**Søndag 26. november:** «Fra St. Hanshaugen til Berg og Torsken. Ingrid Bjerkås, Norges første kvinnelige prest.» Med prof. Aud V. Tønnessen



(Lovisenberg kirke og menighetshus, i Lovisenberggata – gratis deltakelse!)

## FORUM FOR TRO&TANKE

«Forum for tro&tanke» – for deg som søker kunnskap om kirke og kristendom, et åpent og undrende fellesskap.

Enkel servering kl. 19.00, så kveldens tema med foredrag av ledende fagfolk fra våre teologiske institusjoner. Åpen samtale ledet av sokneprest Roger Jensen (slutt ca 21.00).

**Torsdag 21. september:** *Maria, Jesu mor – betydning og rolle...?*

Sokneprest dr. Roger Jensen:

**Torsdag 19. oktober:** *Det skjønne – en vei til Gud...?* Prof. em. dr. Svein Aage Christoffersen

**Torsdag 16. november:** *Hva innebærer troen på at Gud ble menneske?*

Førsteam. Ph.D. Birgitte Lerheim

**Torsdag 7. desember:** *Jomfru Maria – hvordan tenke om «jomfru»...?*

Prof. Ph.D. Anders Runesson



Gratis deltakelse! Akersbakken 30, v/ Gamle Aker kirke  
Påmelding mht servering: [post.sthans.oslo@kirken.no](mailto:post.sthans.oslo@kirken.no)

[www.kirken.no/sthans](http://www.kirken.no/sthans)

